

# Barnesong- prosjektet:

---

Årsmøtekonferanse,  
Norsk Kulturskoleråd Vestland,  
Fredag 29.10.21  
v/Linda Røyseth Sandhåland  
Kjersti Møllerup Wiik



# Om Barnesongboka

- *Mål:*
  - *Å gjera lokale barnesongar frå Strilalandet nord og sør-vest for Bergen ålment og lett tilgjengeleg, slik at born og unge i dag og i framtida kan verta kjend med si lokale kulturarv.*
- Gratis nettressurs med 30 songar, der songopptak, tekstar, notar og historiar kring kjeldene, songane og bruken av dei er tilgjengeleg for notida og framtida.
- Illustrert av nokre av Marta Rostecka sine elevar i visuell kunst i Alver kulturskule.
- Publisert 1.september 2020 av Kjersti Møllerup Wiik og Linda Røyseth Sandhåland.
- <https://www.strilakultur.no/barnesongboka>
- Strilabiblioteket overtok ansvar for drift og vedlikehald av nettsida 28.06.21.

# Om prosjektet: «Kystbarnesongen – lokal folkesong i skulen»

- Mål:
  - Å utvikle eit nettverk med fleire tradisjonsberarar/instruktørar for å halda den lokale kystbarnesongen levande.
  - Alle elevar på 2.trinn i Nordhordlandskommunane og kommunane sør-vest for Bergen skal kunna minst ti barnesongar med lokalt opphav og slik verta kjend med si lokale klingande kulturarv.

# Gjennomføring / organisering

- Prosjekteigarar, sjølvstendig næringsdrivande – planlegging, økonomi, opplæring, koordinering.
- Arr. kurs for å lære opp fleire tradisjonsberarar/instruktørar.
  - Pedagogar frå kulturskule, barnehage, skule, musikarar og songarar.
- Gjennomføre to songstunder i 90 2.klassar i Alver, Askøy, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Øygarden (skuleåret 2021/22 og 2022/23).
  - Forankra i læreplan for musikk for 2.trinn, men også i overordna del.
- **Metodikk:**
  - Lytte til og lære songar og historie frå munn til øyre –munnleg tradering, lærermeistertradisjon.
  - Fortelje – setje songane inn i kontekst.

# Litt om økonomi

- Finansiert via:
  - Kulturelt utviklingsprogram (KUP) for Vestland fylkeskommune (2021/22, 2022/23).
  - Minnefond etter Bygdelaget Nordhordlendingen stifta av Arne Bjørndal.
  - Alver kommune.
  - Øvrige kommunar.

# Vegen vidare

- 2-årig prosjekt, og etterpå håpar me:
  - Skulane tek systematisk i bruk Barnesongboka - inn i årshjul for musikk, men også tverrfagleg.
  - Instruktørane nyttar songane i eiga verksemd i kulturskule, barnehage/skule osv.
  - Prosjektet har inspirert andre til eigne prosjekt med kystsongen.
- Supplere innhald i Barnesongboka.
- Byggje ut nettportalen [www.strilakultur.no](http://www.strilakultur.no)
  - Immateriell kulturarv – folkemusikk og folkedans, handverk, ord og uttrykk m.m.